



Vår ref.:
26/2360 - 26/11522 / MAFR

Dykkar ref.:

Dato:
04.05.2026

Høyring - Fastsetjing av Forskrift om jakt på hjort og fastsetjing av minsteareal og fellingsavgift i Kinn kommune

Kommunen må i samsvar med Viltressurslova (LOV-2025-06-20-102 - Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv.) som vert gjeldande frå 01.07.2026 fastsetje forskrift om opning av jakt på hjort der ein og skal fastsetje minsteareal for tildeling av fellingsløyve og satsar for fellingsavgift.

Opning av jakt

Det er tidlegare opna for jakt på hjort i begge delane av kommunen etter Viltlova som vert oppheva nå ny Viltressurslov tek til å gjelde 01.07.2026. Det tette hjortebestandar som har vore opna for jakt lenge i begge delar av kommunen. Så det er ikkje nokon tvil om at det er grunnlag for å kunne jakte hjort. Dette er såleis berre ei formell opning som må gjerast i samsvar med at heimel vert i ny lov.

Fastsetjing av minsteareal:

Minstearealet er grunnlag for godkjenning av vald etter jakt på hjort og tildeling av fellingsløyve til valda utifrå arealet dei har godkjent. Kinn kommune har ikkje fastsett eiga forskrift om opning av jakt og minsteareal etter kommunesamanslåinga i 2020. Ein har såleis forhalde seg til minstearealet i opningsforskrifta til dei 2 samanslegne kommunane Flora og Vågsøy. Desse forskriftene er framleis gjeldande og her har ein i tidlegare Flora kommune eit minsteareal på 500 daa medan det for Vågsøy har vore 600 daa.

Det er høve å fastsetje ulike minsteareal for ulike delar av ein kommune utifrå bestandstettleik, men både Flora og Vågsøy har hatt eit minsteareal for heile kommunen. Kommunen kan ved tildeling av fellingsløyve fråvike minstearealet med +/- 50 % (50 % regelen). Ved for eksempel eit minsteareal på 500 daa kan ein såleis tildele fellingsløyve til valda med eit areal frå 250 til 750 daa per tildelt fellingsløyve. «50 % regelen» kan ikkje nyttast i høve å godkjenne arealet til vald.

Valda i kommunen har siste år hatt eit areal for kvart tildelt fellingsløyve som har variert frå 280 til 593 daa i nordre delen av kommunen og frå 255 til 817 daa i sørre delen. Det er 2 vald i sørre delen som har hatt tildeling av eit areal som er over 750 daa per løyve. Ved eit minsteareal for heile kommunen på 500 daa meiner ein utifrå dagens bestandssituasjon å kunne tildele alle valda i kommunen eit høveleg tal fellingsløyve. Framlegget er at minstearealet for jakt på hjort i Kinn kommune vert sett til 500 daa.

Fellingsavgift:

Stortinget fastset i budsjetthandsaminga årlege maksimalsatsar for fellingsavgift for dei ulike hjorteviltartane som kommunane kan krevje inn. Kommunane krev inn fellingsavgifter for hjort med heimel i *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgifter for elg og hjort*.

Tidlegare har kommunane kunne fastsetje fellingsavgifta fritt innanfor rammene gjevne av Stortinget utan nokon særskild heimel. Dei har då vore ein del av det kommunale gebyrregulativet og har vorte justert i samband med budsjetthandsaminga i kommunen. No skal satsane for fellingsavgift fastsetjast i den kommunale forskrifta om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift. For å unngå å måtte endre forskrifta når Stortinget endrar satsane er det meir hensiktsmessig å fastsetje dei som ein prosentsats av maksimalrammene.

For jaktåret 2025/2026 var maksimalsatsane for hjort gjevne av Stortinget kr 310 for kalv og kr 520 for vaksne dyr. Satsane i Kinn kommune var då kr 120 for kalv og kr 450 for vaksne dyr. Om ein legg maksimalsatsane til grunn er desse relativt høge for kalv samanlikna med vaksne dyr om ein reknar i høve vekta på dyra. Utifrå forvaltningsmessige omsyn ynskjer ein og at kalv skal utgjere ein stor del av jaktuttaket og for å oppmode til det har Kinn kommune difor lenge hatt ei fellingsavgift for kalv langt under maksimalsatsen. Om ein går ut i frå maksimalsatsane for 2025 utgjorde fellingsavgifta i kommunen 39 % for kalv og 86 % for vaksne dyr av maksimalsatsen. Det ver gjort framlegg om at satsane for fellingsavgift vert fastsett til 40 % av maksimalsatsen fastsett av Stortinget for kalv og 90 % av maksimalsatsen for vaksne dyr. Utifrå maksimalsatsane for 2025 vert dette då kr 124 for kalv og kr 468,- for vaksne dyr.

Offentleg høyring:

Framlegget til Forskrift om jakt på hjort i Kinn kommune vert no lagt ut til offentleg høyring. Frist for å kome med merknader er sett til 24.06.2026

Helsing

Magnus Frøyen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur